# PROSJEKTINFORMASJON 2020/1

**Frå Stølen Kraftverk AS, Fjotland 204, 4480 KVINESDAL, Org.nr. 922 737 711**

**TIL:**

| ORGANISASJON | KONTAKTPERSON | E-ADRESSE |
|---|---|---|
| Visit Knaben | Leif Hunsbedt | leif.hunsbedt@eramet.com |
| Knaben Vel (Gruvebyen) | Kristian Jong Høines | kristian.hoines@me.com |
| Reinshommen Hyttevel | Morten Aareskjold | maare10@online.no |
| Kvinavegen Hyttevel | Sigbjørn Netland | sigbjorn.netland@Statnett.no |
| Løgeheia 1 Hyttevel | Hans Petter Sønju | hpsonju@hotmail.com |
| Løgeheia 2 Hyttevel | Harald Tveit | harald.tveit@vabb.no |
| Knaben Utvikling SA | Jan Rob | janrob@vabb.no |

**SAK:** Opprusting av traktorvegen frå Reinshommen til Finndalsvatn

**BAKGRUNNSINFO:**

- I 2007 sendte Kvinesdal kommune og grunneigarane konsesjonssøknad via Knaben Kraft AS for bygging av eit småkraftverk på Knaben. NVE gav positiv innstilling til i 2010. Konsesjon og byggeløyve blei gjeve i Olje- og Energidepartementet i medhald av Kongeleg Resolusjon 24. august 2012. Stølen Kraftverk AS har inngått 60 års leigeavtale på fallrettar, areal og tilhøyrande konsesjon
- Stølen Kraftverk AS er opptekne av info til lokalsamfunn og grannar i forkant av aktivitetar. Planen var no i mars å kalle inn til eksternt infomøte ilag med ordførar Per Sverre Kvinlaug, teknisk sjef Geir Netland osv, men som Dykk veit har Corvid-19 stoppa dette. Derfor dette infoskrivet.
- Stølen Kraftverk AS har starta arbeidet med detaljprosjektering. Den praktiske oppfylginga med godkjenn-inga av detaljplanane blir gjort av NVE sitt regionkontor i Tønsberg, som har ansvaret for Agder.

**DISPENSASJONSSØKNAD FRÅ KOMMUNEPLANEN:**

- For å få rehabilitert Finndalsdammen må traktorvegen opprustast. Sidan traséen ligg i eit område som i kommuneplanen har arealstatus LNFR/ Landbruk-, natur- og frilufts-formål samt reindrift, må Stølen Kraftverk AS søke kommunen om varig dispensasjon ifht. Plan- og Bygningslova §19-1. Disp. søknaden skal handsamast politisk av Forvalt-ningsutvalet, men først må tiltaks-havar sende nabovarsel.



- Dette brevet er berre ein uformell info litt i forkant til dei som etter kvart får kopi av disp. søknaden.
- Dersom du som lesar ikkje er formell "vegnabo" etter PBL, så er du likevel velkomen med innspel til underskrivne, på epost olav@fjotland.com eller telefon. Vidaresend gjerne dette brevet i fall du veit om andre som kan ha interesse i saka.
- Stølen Kraftverk AS vil i tida framover halde dialog med styret i Knabel Vel og Knaben Utvikling BA, for å legge til rette for godt samarbeid, og for å vere ajour med brukarinteressene i området, og for innspel til detaljplanane.

Fjotland, 25. mars 2020

Med helsing

Olav Fjotland